

Det skulle spelast 10 fotballkampar mot Nordberg i Skjåk denne dagen. Fyrst møttest guttelaga til Nordberg og Faukstad til privatkamp. Etterpå var det seriekamp mellom seniorlaga. Å frakte to fotballag til Nordberg i 1958 var ikkje så lett. Dette var tida før privatbilismen gjorde sitt inntog, og kvar heim åtte ein eller to bilar. Faukstad Idrettslag hadde heller ikkje skaffa seg buss. På denne tida var det vanleg at lastebileigarar bygde "hus" til lastebilane. Desse husa kunne lett setjast på og takast av lasteplanet. Slik kunne lastebileigaren kjøre gods og varer ein dag, lyfte på "huset" og frakte passasjerar neste dag. Dette vart og løysinga for Faukstad Idrettslag denne gongen. Ein Fargo lastebil med "hus" vart lånt. Sjåfør var Jørgen N. Storødegård.

Året etter kjøpte laget buss av Ham Kam. Bussen som fekk namnet "Ham Kamen". Den frakta trufast fotballaga til Faukstad rundt til dei ymse fotballbanane i heile Gudbrandsdalen i mange år. På denne tida var det vanleg at idrettslaga i dalen arrangerte terrengløp og terrengløpstafettar. "Ham Kamen" skyssa deltakarar til Jørstadmostafetten, Trettenstafetten, Sør-Fronstafetten og andre arrangement. Den kjørte også til Oslo og Holmenkollstafetten fleire gonger. Ein tur til Ålesund og Sunnmøre vart det også.

Attende til fotballkampane i Nordberg, guttekampen fyrst. Faukstad deltok ikkje i gutteserien dette året, men hadde eit godt guttelag. Kampen opna med at gutane frå Faukstad var totalt overlegne og tok fort leiinga. Ved pause var stillinga 3-0 til gjestene frå Faukstad. Gjennom heile fyrste omgang hadde nordbergingane klaga over at gutane på Faukstadlaget var store etter alderen. Dette ville dei gjera noko med i andre omgang. Dei sette inn ein kraftig furk som var mykje større enn alle dei andre spelarane på banen. Kampen jamna seg noko ut etter dette. Den nye spelaren skåra 2 mål, men Faukstadspelarane svara og med 2 mål. Sluttresultatet vart dermed 5-2 siger til Faukstad. Kven som skåra dei 5 måla til Faukstad i denne kampen, har dessverre gått i gløymeboka. Etter at kampen var over og Iaga hadde skifta, fekk Faukstadgutane seg ei overrasking: Reserven som hadde kome inn på Nordberglaget, stilte i militærklede. Det var med andre ord ein velvaksen "guttospelar" heimelaget hadde sett inn i pausa.

I åra etter dette hadde Faukstad alltid med lag i aldersbestemte klasser. Desse hevda seg godt i seriekampane. Alt i 1959 kom guttelaget på andreplass i serien. Fleire av spelarane spelte på guttekretslaget til Nord-Gudbrandsdal Fotballkrets. Same året (1959) vart småguttelaget kretsmeistrar i Nord-Gudbrandsdal Fotballkrets. Lagleiar for dette småguttelaget var Per Bilben.

Seniorkampen mellom Nordberg og Faukstad i 1958 var avgjerande for opprykk frå B-serien til A-serien i Nord-Gudbrandsdal Fotballkrets. På denne tida var serien ordna slik at laga spelte i A- og B-serie. For å rykkje opp til A-serien måtte laget vinne B-serien. Nordberg og Faukstad kniva om å vinne B-meisterskapen og plassen i A-serien. Det skulle vise seg at Faukstad var heilt overlegne. Dei vann kampen heile 5-0. Kampens store spelar var Ola Johan Randen. Han sette inn alle dei 5 måla til Faukstad. Ola Johan Randen var etter alderen eigentleg guttospelar og skulle såleis ha spelt på guttelaget, men fordi han alt da var så god, fekk han spele på seniorlaget. Det høyrer elles med til historia at da kampen gjekk mot slutten og såg ut til å ende med ein 5-0 siger til Faukstad, tykte ein av Faukstadforsvararane at Nordberg hadde fortent mål dei også. I ein situasjon i eige straffefelt kom han borti ballen med handa (kanskje ei rein reflekshandling). Dommaren bles i fløyta og peikte på straffesparkmerket. Det vart likevel ikkje noko trøystemål til heimelaget, fordi Asbjørn Bilben i Faukstadmålet redda straffesparket. Etter dette rykte Faukstad opp i A-serien. Her var konkurransen mykje hardare. Beste laga i Norddalen på denne tida var Lesja, Dovre og Otta. Før fyrste sigeren kom, spelte Faukstad 39 kampar på rad med uavgjort og tap.

*Tekst: Arne Andor Randen*